

# Fiskereglar for 2017

Fiskereglar for 2017 vedteke av Miljødirektoratet

Laksefiske: 5.juni til 20.august. F.o.m. Bruhølen i Seltun til Sjurhaugfossen til 27.august  
Ikke uttak av holaks.

Sjøaurefiske: 18.juli til 31.august

Midtsesongevaluering med forhåndsavtalte tiltak skal gjennomførast før 10. juli og kan medføre ytterlegare avgrensingar av fiske/stopp på fiske før avtalt tid.

Framleige:

Etter forskrifter om framleige av fiskerett av 25/6 1993, er framleige, altså vidareutleige av leigd rett, ikkje tillatt, då likevel med unntak som går fram av forskrifta.

Lokale Fiskereglar for 2017 vedteke av eleveigarlaget

Stamfiske

Stamfiske finn stad 20.og 21.juni nedafor merket Voll /Prestegardsretten og 22.og 23. juni ovafor dette merket.(Molde-retten 19. og 20. juni.) Disse dagane må elva på dei aktuelle strekningane vere fullt ut disponible for stamfiske.

Laksefiske, reiskap :

Det er kun tillete å fiske med fluge der flugelina utgjer kastevekta, i heile elva, i heile fiskesesongen.

Det er ikkje tillete å fiske med dobb og fluge.

Laksefiske. uttak:

Ved tvil om kjønn, skal laksen setjast ut att. All laks som blør skal avlivast. Holaks som må avlivast,på grunn av skade, skal innleverast til elveigar. Laksen skal ikkje leverast attende til fiskar. Fisket må avsluttast den aktuelle dagen for fiskar som avlivar laks.

Dette gjeld også ved fangst av laks som må avlivast på grunn av skade.

Sjøaurefisk, reiskap:

Maksimum krokstorleik under flugefiske er 6 og tubefluger er ikkje tillete. Fiske med dobb og fluge er ikkje tillete.

Sjøaurefiske, uttak:

Uttaket skal avgrensast til fisk mellom 1,2 kg (ca 45 cm.) og 2,5 kg (ca 60 cm).

Desinfisering

Alt fiskeutstyr skal desinfiserast både før og etter fiske. Den einskilde grunneigar har ansvaret for å ha tilgjengelg desinfiseringsutstyr for fiskarar, eventuell avtale med andre grunneigarar som har slikt utstyr. Desinfiseringa skal skje under oppsyn av grunneigar sjølv eller grunneigarrepresentant. Grunneigar har ansvaret for at det blir ført skriftleg oversikt over dei som får gjennomført desinfisering på eige skjema. Etter desinfisering skal kvar fiskar få med eit skriftleg bevis på at desinfisering har funne stad og må gjerast merksam på at dette beviset må framvisast under kontroll.

Rapportering

Avtale om rapportering av fangst med Scanatura (no del av [inatur.no](http://inatur.no)) er vidareført i 2017. Rapportering skal altså skje etter system og samme framgangsmåte som i 2016. Grunneigar har ansvaret for at alle fiskarar er registrert før vedkommande fiskar startar fisket og at all fangst forløpande vert registrert.

Fisketrygdavgift/kontroll

Grunneigar må kontrollere at fisketrygdavgift for anadrome laksefisk er betalt før fiske startar opp.

Gyldig kvittering må takast med under fiske. Det vil bli gjennomført oppsyn med kontroll både om denne avgifta er betalt og om reglane om fiske elles vert følgde.

Lærdal 22. februar 2017

Lærdal Elveigarlag v/ styreleiar Lasse Sælthun